Årsmelding for Utdanningsforbundet Sund
28. mars 2019 -31. desember 2019

(årsmøteperioden fram til samanslåing)

Styret har vore samansett slik (frå 1. august 2019):

Leiar:	Elisabeth Hummelsund
Nestleiar:	Cathrine Olsen
Styremedlemer:	Trine Lønøy Sangolt
	Johnny Asphaug
	Hallgeir Dale
	Trine-Lise Johannessen
	Britt-Lise Bjånes
1.vara:	Renate M. Brekken
2.vara:	Svein Ove Hammersland
3.vara:	Just Ludvig Arnevik

Sigurd Fiskaaen har vore pensjonistmedlem i styret.

Hovudtillitsvalt, skule:	Solveig Lerøy (til 31.juli 2019)
	Elisabeth Hummelsund (frå 1.august 2019)
Vara:	Elisabeth Hummelsund (til 31. juli 2019)
	Trine Lønøy Sangolt (frå 1. august 2019)

Hovudtillitsvalt, barnehage og andre: Cathrine Olsen

Vara: Britt-Lise Bjånes

Johnny Asphaug har vore leiarrepresentanten i styret.

Trine-Lise Johannessen var skrivar på styremøta (til 31. august 2019)

Hallgeir Dale var skrivar på styremøta (frå 1. august 2019)

Bodil Bakke var kasserar i Utdanningsforbundet Sund.

Valnemnda har vore: Sølvi Schei

Sølvi Kallestad

Janet Sangolt Kleppe

Silje-Margrethe Austevoll

Silje Solberg

Styret i Utdanningsforbundet Sund har vore forhandlingsutval i samband med lokale lønsforhandlingar.

HT-b og lokallagsleiaren/HT-g har vore arbeidsutval i samband med forhandlingane og delteke i sjølve forhandlingane.

Medlemstalet pr. 31. desember 2019 var 223. Medlemstalet har vore stabilt i denne årsmøteperioden. Dei fleste som arbeider i skule og barnehage og andre med barnehagelærar- og lærarbakgrunn, er medlemer i Utdanningsforbundet. Nye tilsette i kommunen, som er i målgruppa vår, vert som oftast medlemer. Vi har òg ein del pensjonistmedlemer.

Tre blei pensjonistar denne årsmøteperioden. Dei som vart pensjonistar fekk ryggsekk og helsing frå Utdanningsforbundet Sund.

Vi har hatt klubbar på dei fire barneskulane, ungdomsskulen og vaksenopplæringa.

Vi har hatt klubbar i dei fem kommunale barnehagane og i den private FUS-barnehagen.

Vi har hatt klubb på PPT.

Vi har hatt medlemer på kommunehuset, på Nordsjøfartsmuseet og på biblioteket.

Vi har hatt leiarforum og leiarråd i Utdanningsforbundet Sund.

Vi har hatt pensjonistyre i Utdanningsforbundet Sund.

Det har vore klubbmøte på alle skulane og i barnehagane.

I barnehagane har det òg vore felles klubbmøte om aktuelle saker.

Skulering

Nye tillitsvalte har blitt skulerte gjennom ei kursrekkje som vert kalla Tillitsvaltopplæringa, TV-opplæringa. Dette skuleringsopplegget er bygd opp som ei kursrekkje på 4 kurs.

Det blei arrangert TV1-kurs i Fjell for nye AT-ar, eit arrangement som lokallaga i nettverket samarbeidde om å gjennomføre.

TV2 og TV3 blei arrangert av Utdanningsforbundet Hordaland. Desse kursa var hausten 2019. Vi hadde nokre nye AT-ar på desse 3 kursa.

Det har vore ei fellesskulering for styrarane og AT-b-ane i barnehagane i regi av UDF Hordaland.

Leiar har vore på 6 leiarsamlingar. Dei hovudtillitsvalte har vore på 1 samling. Desse samlingane har vore i regi av Utdanningsforbundet Hordaland.

4 medlemer i lokallagsstyret var på styrekurs i november 2019.

Vi har hatt 4 AT-samlingar, og det har vore møte med ein eller fleire AT-ar i ulike saker.

Styret sitt arbeid

Styret har hatt 6 styremøte og eitt møte i forhandlingsutvalet. På alle styremøta har det vore saker om lokallagssamanslåingsprosessen og kommunesamanslåingsprosessen.

Dei hovudtillitsvalte og lokallagsleiaren har rapportert til styret som har ansvar for alle delar av organisasjonen.

Tariffoppgjeret i 2019 var eit mellomoppgjer. Det var ikkje lokale forhandlingar i kapittel 4 i 2019. Det var lokale forhandlingar i kapittel 3 og 5 hausten 2019.

I kapittel 3 og 5 vart lønsauken den same som ramma i kapittel 4.

Årsmøtet 2019 gav styret fullmakt til å sende eit høyringsinnspel i samband med saka «Vi utdanner Norge 2020 – 2023» til Utdanningsforbundet Hordaland. Diskusjonen på årsmøtet var grunnlaget for høyringsinnspelet. Styret sende ein uttale til Utdanningsforbundet Hordaland.

Styret sende òg ei fråsegn frå årsmøtet om at Utdanningsforbundet må arbeide for at den lovfesta bemanningsnorma for barnehagen vert vidareutvikla og at bemanningsnorma må gjelde i heile opningstida. Denne fråsegna vart sendt til Utdanningsforbundet Hordaland.

I mai 2019 var det årsmøte i Utdanningsforbundet Hordaland, og Utdanningsforbundet Sund var representert med 2 delegatar, Cathrine Olsen (barnehage) og Elisabeth Hummelsund (skule).

Styret har svart på høyringar om organisering av Utdanningsforbundet Vestland og ivaretaking av pensjonistmedlemene i Utdanningsforbundet Vestland.

Styret har sendt eit innspel om kandidatar til fylkesstyret i Utdanningsforbundet Vestland.

Ei viktig sak for styret dei siste åra, har vore å sjå til at nedlegging av skular i Sund er ein ryddig prosess. Denne årsmøteperioden har det vore ein prosess med samanslåing av Telavåg skule og Glesnes skule. Skogsvåg skule har òg vore ein aktør i denne prosessen sidan ein del elevar på Skogsvåg skule skulle gå på nye Spildepollen skule. HT-g har vore med i denne prosessen for å ivareta medlemene våre.

Dei hovudtillitsvalte og leiaren har vore på 2 nettverksamlingar med HT-ane og lokallagsleiarane frå Fjell, Øygarden, Askøy, Os og Fusa (Bjørnafjorden). Desse nettverksamlingane har gitt oss mogelegheit til å diskutere felles saker og problemstillingar, og vi har utveksla erfaringar.

Denne årsmøteperioden har mykje av tida til dei hovudtillitsvalte og lokallagsleiaren gått med til arbeid i samband med kommunesamanslåing og lokallagssamanslåing.

Dei hovudtillitsvalte og leiaren har hatt mange møte denne perioden. Det har vore nyttig å rådføre seg med kvarandre i aktuelle saker. Vi har fått innblikk i kvarandre sine arbeidsoppgåver og utfordringar.
Kommunesamanslåingsprosessen har vore eit tema på kvart av desse møta. Og kommunesamanslåingsprosessen har vore tema på alle styremøta òg. Dei hovudtillitsvalte har vore med i ulike prosessar for å ivareta medlemene sine interesser.

HT-ane, Solveig Lerøy (skule), Elisabeth Hummelsund (skule, frå 1. august 2019) og Cathrine Olsen (barnehage og andre), har hatt faste møte med rådmannen om lag ein gong i månaden. Solveig Lerøy har vore med i administrasjonsutvalet og ho var leiar i arbeidsmiljøutvalet. Elisabeth Hummelsund overtok desse funksjonane 1. august 2019. Solveig Lerøy var òg med i kommunen si stillingsgruppe. Cathrine Olsen var med i PSU (Partssamansett utval) i samband med kommunereforma. Dei tre hovudtillitsvalte har vore med i prosessar i samband med tilsetjingar. Også vara-hovudtillitsvalte har vore ein del med i tilsetjingssaker. Dei hovudtillitsvalte har òg jobba ein del med personalsaker.

Dei hovudtillitsvalte har vore med i ulike fora/arbeidsgrupper i samband med kommunesamanslåinga. Etter kvart som tida for samanslåinga har nærmar seg, har tidspresset auka. Høyringstidsfristar har nokre gonger vore særs korte, noko som har gjort det vanskeleg å involvere heile organisasjonen.

I desember 2019 gav Utdanningsforbundet Sund «julegåve» kr. 3000.- til HÅPET. Dette er ei gåve frå alle medlemene i Utdanningsforbundet Sund.

Alle arbeidsstader der vi har medlemer, fekk julehelsing og sjokolade før jul. Alle pensjonistar fekk julehelsing. I samband med julehelsinga, fekk alle pennar og små lommelykter med «Utdanningsforbundet Sund»-trykk på. Styret meinte dette var ein god måte å profilere Utdanningsforbundet på.

Vi hadde sommaravslutning på Glesvær kafè og juleavslutning på Spisekroken. Alle som hadde verv i lokallaget var inviterte.

Samarbeid i Utdanningsforbundet sine lokallag i Øygarden, Fjell og Sund

Samanslåinga av lokallaga Øygarden, Fjell og Sund er slutten på ein lang samarbeidsprosess.

I mai 2019 hadde lokallagsleiarane i dei tre lokallaga møte med den samansette valnemnda. Stiftingsårsmøtet var 30. oktober 2019, og det nye styret hadde eit konstituerande styremøte 13. desember 2019.

Etter kvart som lokallagssamanslåinga og kommunesamanslåinga nærma seg, vart det meir naturleg for dei tre lokallaga å uttale seg «med ei røyst». Vi skreiv ein felles høyringsuttale til budsjettframlegget frå formannskapet, og vi skreiv eit felles lesarinnlegg til lokalavisa om budsjettframlegget. Tidlegare på hausten arrangerte vi politisk debattmøte om skule- og barnehagepolitikk, i samband med kommunestyrevalet.

Arbeidsutvalet til styringsgruppa for lokallagssamanslåinga, som var lokallagsleiarane i Fjell, Øygarden og Sund, har hatt 4 møte i denne perioden. Styringsgruppa, som var lokallagsleiarane og dei hovudtillitsvalte i dei tre kommunane, har hatt 5 møte. Vedtak som styringsgruppa har gjort, har blitt handsama i styret.

Tofterøy 3. januar 2020

for styret

Elisabeth Hummelsund (lokallagsleiar)

Firda Revisjon & Rådgivning

Besøksadresse: Naustdalsvegen 1B, 6800 Førde
Postadresse: Postboks 212, 6801 Førde
Telefon: 41 78 54 00
E-post: post@firdarevisjon.no
Foretaksregisteret: 989 230 921 MVA

UAVHENGIG REVISORS BERETNING
Til årsmøtet i utdanningsforbundet Sund

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert foreningen utdanningsforbundet Sund' årsregnskap som viser et underskudd på kr 12 790. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2019 og resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av finansielle stilling per 31. desember 2019, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Styrets ansvar for årsregnskapet

Styret (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til foreningens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller

samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.

- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av interne kontroll.

- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige

- konkluderer vi på hensiktsmessigheten av ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen ved avleggelsen av årsregnskapet, basert på innhentede revisjonsbevis, og hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape tvil av betydning om evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifiserer vår konklusjon om årsregnskapet og årsberetningen. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet inntil datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at foreningen ikke fortsetter driften.

- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettvisende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Firda Revisjon & Rådgivning

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av foreningens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

FØRDE, 10. november 2020
Firda Revisjon & Rådgivning AS

Hans Magnar Hansen
Statsautorisert revisor

Utdanningsforbundet

21.02.2020

Resultatrapport 2019

1245

		201900 - 201912	201900 - 201912		201800 - 201813
	RESULTAT	**Regnskap HiÅ**	**Budsjett HiÅ**	**Avvik i kroner**	**Regnskap forrige år**
	INNTEKTER				
3290	Kontingentinntekter FY/LOK	-190 847	-187 716	3 131	-176 326
	Sum Driftsinntekter	**-190 847**	**-187 716**	**3 131**	**-176 326**
	KOSTNADER				
5017	Møtegodtgjøring uten feriepenger	20 400	26 000	5 600	19 200
5400	Arbeidsgiveravgift	2 972	0	-2 972	2 751
	Sum Lønnskostnader	**23 372**	**26 000**	**2 628**	**21 951**
6550	Kontorteknisk utstyr	25 101	12 000	-13 101	8 847
6630	Service/lisenser IKT	649	2 000	1 351	0
6780	Honorar uten oppg.plikt	720	0	-720	0
6800	Kontorrekvisita	7 860	8 000	140	6 841
6803	Datarekvisita	0	1 000	1 000	0
6840	Aviser og abonnementer kontoret	2 690	0	-2 690	0
6841	Faglitteratur	358	0	-358	0
6890	Diverse kontor- og adm.kostnader	2 219	5 000	2 781	4 414
6940	Portokostnader, postboksleie	60	0	-60	0
	Sum	**39 657**	**28 000**	**-11 657**	**20 102**
7110	Bilgodtgjøring - trekk- og avgiftsfri	4 459	6 000	1 541	2 335
7111	Passasjertillegg	310	0	-310	673
7112	Bilgodtgjøring - trekk- og avgiftspliktig	675	0	-675	312
7142	Flybilletter	0	20 535	20 535	11 275
7143	Andre reiseutgifter	21 204	2 000	-19 204	1 125
7144	Hotell	0	0	0	11 280
7170	Leie kurslokale/møterom	0	2 000	2 000	667
7171	Bevertning ved møter	79 730	73 181	-6 549	48 473
7172	Deltakeravgift møter/kurs	0	2 000	2 000	0
7190	Andre kurs/møte kostnader	1 908	8 000	6 092	5 855

7321	Profileringsmateriell	0	8 000	8 000	11 730
7420	Støtte andre organisasjoner	3 000	3 000	0	3 000
7422	Representasjon, gaver	28 966	9 000	-19 966	6 976
	Sum	**140 252**	**133 716**	**-6 536**	**103 699**

DRIFTSRESULTAT	**12 433**	**0**	**-12 433**	**-30 574**

FINANSINNTEKTER OG KOSTNADER

8040	Renteinntekter bank	-45	0	45	-33
8171	Bankgebyr	395	0	-395	162
8173	Smådifferanser, diverse	7	0	-7	0,54
	Sum Finansposter	**357**	**0**	**-357**	**130**

Årsresultat	**12 790**	**0**	**-12 790**	**-30 445**

OVERFØRINGER

8962	Dispon. årsresult fri egenkapital	-12 790	0	28 213
8965	Tilbake-/Føring avsetninger	0	0	2 232
	Sum overføringer	**-12 790**	**0**	**30 445**

9 / 3 - 2020

Styret i Utdanningsforbundet Sund

Elisabeth Hummelsund — Leiar

Catrine Olsen — Nestleiar

Hally Dale — Styremedlem

Sigurd Fiskaaen — Styremedlem

Brit-Lise Bjanes — Styremedlem

..... — Styremedlem

..... — Styremedlem

Trine L. Sangolt — Styremedlem

..... — Styremedlem

Trine Lise Johannessen — Styremedlem

..... — Styremedlem

..... — Styremedlem

..... — Styremedlem

..... — Styremedlem

..... — Styremedlem

NOTE TIL REKNESKAPEN FOR 2019
FOR UTDANNINGSFORBUNDET SUND

Rekneskapen for 2019 ligg føre, og han er ført på rekneskapsavdelinga i Utdanningsforbundet Hordaland.

I 2019 brukte vi meir pengar enn det vi hadde budsjettert med.

- Vi måtte kjøpe ein PC meir enn det vi hadde føresett, det er forklaringa på at det på 6550-posten er brukt ein del meir pengar enn det vi budsjetterte med.
- På representasjon/gåve-posten (7422) er det og brukt meir pengar enn det blei budsjettert med. Det har kome til ein del ekstra utgifter i samband med fellesarrangement for lokallaga som skulle slå seg saman, som til dømes politisk debattmøte og stiftingsårsmøte (blomehelsingar til deltakarar). Det blei og kjøpt gåver for å takke av dei som hadde hatt verv i Utdanningsforbundet Sund.

På slutten av året blei resten av pengane overførte til Utdanningsforbundet Øygarden sin konto. Kontoane våre blei avslutta.

Hummelsund, 9. mars 2020

Elisabeth Hummelsund

Elisabeth Hummelsund, lokallagsleiar (fram til 1. januar 2020)

Balanserapport for periode 201900-201912

1245 <koststed_text>

		201900 -201912	201800-201812
		Dette år	Forrige år
EIENDELER			
Sum Anlegsmidler		0	0
1560	Fordring sentral organisasjonsdrift	-2 861	0
1561	Internt mellomværende organisasjon	51 785	0
Sum Fordringer		48 924	0
Sum Investeringer		0	0
1920	Driftskonto 1	0	63 855
1921	Driftskonto 2	0	78
1940	Høyrentekonto	0	14
Sum Bankinnskudd		0	63 946
Sum Eiendeler		**48 924**	**63 946**
EGENKAPITAL OG GJELD			
	Periodens resultat	0	0
2050	Fri egenkapital	-61 714	-33 501
2052	Årets resultat	12 790	-28 213
Sum Egenkapital		**-48 924**	**-61 714**
2938	Gjeld 35%-ordn. Inndratt lokallag	0	-2 232
Sum Gjeld		0	-2 232
Sum Egenkapital og Gjeld		**-48 924**	**-63 946**
Differanse		**0**	**0**

9 / 3 - 2020

Styret i Utdanningsforbundet Sund

Elisabeth Hummelsund	Catrinne Olsen	Hallg Dal
Leiar	Nestleiar	Styremedlem
Sigmund Fiskaa	Britt-Lise Bjanes	
Styremedlem	Styremedlem	Styremedlem
	Trine L. Sangolt	
Styremedlem	Styremedlem	Styremedlem
Trine-Lise Johannessen		
Styremedlem	Styremedlem	Styremedlem
Styremedlem	Styremedlem	Styremedlem